20

LINDÅS KOMMUNE
BYGNINGSSJEFEN
5100 ISDALSTØ
TLF. 35 04 78 / 35 08 84

# BYGGETILLATELSE

Vedlegg Q-1 Side 1/4

| Byggeplass (adresse) | | | Gnr. | Bnr. |
|---|---|---|---|---|
| "ROMARHEIM" | | | 217 | 40 |
| **Arbeidets art** | **Byggets art** | **Søknadens dato** | **Bygn.rådets eller bygn.sjefens vedtak** | |
| Nybygg | Bustadhus | 1.8.75 | Dato 27.4.76 | Sak 233/76 |
| **Byggherrens navn** | | **Adresse** | | **Tlf.** |
| Nils Romarheim, | | 5175 Romarheim | | |
| **Anmeldarens navn** | | **Adresse** | | **Tlf.** |
| d.s. | | | | |
| **Ansvarshavandes navn** | | **Adresse** | | **Tlf.** |
| Arthur ERödland, | | Strandgt. 11, 5000 Bergen. | | |

De har no fått byggetillatelse av bygningsrådet i Lindås på dei vilkår som er sett i vedtaket, og vedlagt fylgjer dei godkjende dokument vedkommande saka.

*Ikkje noko grunn eller byggjearbeid skal setjast igong før bygget er sett ut i terrenget av teknisk kontor, eller det er gjeve serskilt løyve til dette.*

ANSVARSHAVANDE SKAL VARSLA: (med minst 2 - to dagars varsel)

**A** Teknisk kontor for:

1. Husplassering og grunnmurshøgd
2. Utstikking av forstøtningsmur og av innhegning mot veg

**B** Bygningskontrollen for kontroll av:

| | | |
|---|---|---|
| 1. | BYGGEGRUNN | Etter at kultlaget er komprimert, forskaling for fundament oppsett og armering utført. |
| 2. | Armering | Av betong og murkonstruksjonar, herunder peis-fundament, før støyping. |
| 3. | BJELKELAG- TAK OG VEGG-KONSTRUKSJONAR | Før innkleing, men etter at vindtetting med papp er utført ved murkrone, bjelkeutstikk, altans-bjelkar og vindu. |
| 4. | VARME- LYD OG BRANNVERN-ISOLERING. PIPER OG ELDSTADER. DYTTING AV VINDU OG DØRAR. | Før innkleing. |
| 5. | PUSS AV UTV. MURVERK DRENERING OG ISOLASJON AV GRUNNMUR | Før inntilfylling. |
| 6a | SLAMAVSKILJAR. INNFILTRA-SJONSANLEGG ELLER SAND-FILTERGRØFT | Når leidningar og sand er lagt, men før attfylling av grøfter. |
| 6b | TILKOBLING TIL OFF. LEID-NINGSNETT. | Før attfylling av grøfter. |
| 7. | FERDIGATTEST. | Bygningen, eller delar av den må ikkje takast i bruk før det er gjeve ferdigattest eller bruksløyve. |

For hytter skal kontroll varslast for A 1, B 6a og b og 7.
For driftsbygningar skal kontroll varslast for A 1, B 6a og b og 7.

*Ansvarshavande skal sjå til at vilkåra i vedtaket vert oppfylt og at ikkje noko arbeid vert utført i strid med dette, bestemmelser i bygningslova, forskrifter og vedtekter som er utarbeidd på grunnlag av desse.*

DETTE SKJEMA SAMAN MED DEN GODKJENDE SØKNAD OM BYGGETILLATELSE MED VEDTAK OG TEIKNINGAR SKAL ALLTID VERA TILSTADES PÅ BYGGJEPLASSEN FOR FRAMVISING TIL KONTROLLØREN

Isdalstø, den 8. juni 1976.

for bygningssjefen

| | | |
|---|---|---|
| LINDÅS BYGNINGSRÅD<br>5100 ISDALSTØ | Møtestad<br>Teknisk kontor | Møte dato<br>27.4.76 |
| Sakshandsamar<br>Haukås | Matr.nr.<br>gnr. 217 bnr. 40<br>Romarheim | SAK NR. 233/76 |

Byggherre/meldar: Nils Romarheim

Adr.: 5174 Romarheim

Saka gjeld: Bustadhus m/kjellarleiligheit - Nybygg

Vedlegg:

Søknad om byggjetillatelse, datert 1.8.75
m/kvittering for motteke nabovarsel
situasjonsplan 1:2000, datert 20.10.75
teikningar 1:100, 1:50
søknad om ansvarsrett, datert 1.12.75
Skriv frå teknisk kontor, datert 15.1.76
Skriv frå Britt Molvik Romarheim, datert 30.1.76
Graveløyve, datert 9.3.76
Vedtak i bygningsrådet den 20.8.74 - sak 280/74

TILRÅDING:

Byggjetillatelse vert gjeve i samsvar med teikningar og utgreiingar vedlagt søknaden og på følgjande vilkår:

1. Bygningsrådet gjer merksam på at vilkåra frå andre instansar i sak nr. 280/74 vedkommande veg, vatn og kloakk skal følgjast opp og at søkjaren må sjå til at dette vert ordna.

Bygningsrådet godkjenner byggm. Arthur Rødland som ansvarshavande for heile byggjearbeidet. (§ 98)

VEDTAK:

Bygningsrådet godkjenner samrøystes tilrådinga som nemnt ovanfor.

| | |
|---|---|
| FOR LINDÅS BYGNINGSRÅD | Utskrift sendt til<br>Nils Romarheim<br>Byggm. Arthur Rødland |

LINDÅS BYGNINGSRÅD
5100 ISDALSTÖ



Möte, den 20.august 1974

Byggherre/meldar: Anders Skår adr. 5174 Romarheim

Eigedom: Romarheim gnr. 217 bnr. 7

Saka gjeld: frådeling - 5 stk. bustadtomtar

Byggemelding/söknad dat. 19.11.73 (jnr.dato)

---

Vedlegg: Söknad om utskiljing
Kartutsnitt 1:5000
Godkjenning frå Hordaland Fylkeslandbruksstyre
Vedtak i bygningsrådet, den 5.6.73

Kommuneingeniören vil tilrå bygningsrådet å gjera slikt vedtak:

I samsvar med § 63 i bygningslova godkjenner bygningsrådet frådeling av 5 stk. bustadtomtar innanfor ein tomtedelingsplan 1:5000 dat. 13.11.73 på fylgjande vilkår:

1. Veg-, vatn- og kloakk skal tilknytast eksisterande anlegg, slik dette går fram av bygningsrådsvedtak, den 5.6.73 - sak nr. 241/73.
2. Kommuneingeniörkontoret skal kontaktast for utstikking av tomtane för skyldeling vert halde.
3. Det skal anordnast ein felles slamavskiljar for tomtane innanfor delingsplanen. Slamavskiljaren skal utförast i samsvar med skjema K.
   Ordninga må vere godkjent av helserådet. § 66.2 i bygningslova.

VEDTAK:
--------

Bygningsrådet godkjenner samröystes innstillinga frå kommuneingeniören.

---

Det vert med dette stadfest at Lindås bygningsråd i möte har fatta vedtak i samsvar med det som er nemnt ovanfor.

FOR LINDÅS BYGNINGSRÅD:

.......................

LINDÅS BYGNINGSRÅD
5100 ISDALSTÖ



Side 241
Sak nr. 241/73

Möte, den 5. juni 1973

Byggherre/meldar: Anders Skår adr. Romarheim

Eigedom: Romarheim gnr. 217 bnr. 7

Saka gjeld: frådeling - bustadtomt
Byggemelding/söknad 23.1.73

---

Vedlegg: Söknad m/kart 1:5000 dat. 23.1.73
Kart 1:2000 dat. 30.5.73 v/kommuneingeniörkontoret

Kommuneingeniören vil tilrå bygningsrådet å gjera slikt vedtak:

I samsvar med § 63 i bygningslova godkjenner bygningsrådet frådeling av 2 stk. tomtar mrk. I og II på kart dat. 30.5.73 utarbeid ved ingeniörkontoret.
Godkjenninga er gjeve på fylgjande vilkår:

1. I samsvar med § 66.1. skal det opparbeidast veg fram til tomtane som synt på kartet.
2. I samsvar med § 66.2. skal kloakken förast til sjöen. Av omsyn til ei eventuell seinare utbygging på eigedomen, skal leidningen ha ein dimensjon av 150 mm og avstanden mellom kummer skal ikkje overstige 40 m. Ved plassering av leidningen skal det takast omsyn til vidareföring for dekning av eit utvida tomteområde. Utlaupet skal liggja 20 m under fjæra sjö. Eventuelle krav om rensing vert aktuelt ved utvida bruk.
3. Kommuneingeniörkontoret skal kontaktast for utstikking av dei 2 tomtane og for kloakktraseen.
4. Vassforsyninga skal stetta krava i § 65 i bygningslova. Anlegg av brunn skal meldast til lensmannen.
5. Anlegg som nemnt ovanfor vedkommande veg, kloakk- og vatn skal vera utfört för det vert gjeve byggjelöyve jfr. §§ 65 og 66.

VEDTAK:

Bygningsrådet godkjenner samröystes innstillinga frå kommuneingeniören.

---

Det vert med dette stadfest at Lindås bygningsråd i möte har fatta vedtak i samsvar med det som er nemnt ovanfor.

---

Kommuneingeniören i Lindås, den 15. juni 1973

kommuneingeniör